



## Notat

Dato: 25.04.2019  
Arkivsak: 2018/8643-13  
Saksbehandlar: liztoll

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Voss og Bergen finalistar til Attraktiv by-pris

Arkivnr: 2018/8643-13

Saksbehandlar: Liz Eva Tøllefsen

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Voss kommune nominert regionsenteret Vossevangen til årets *Attraktiv by*-pris som deles ut i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet kvart år:

*Attraktiv by - Statens pris for bærekraftig by- og stedsutvikling skal belønne planlegging og gjennomføring av bærekraftig by- og stedsutvikling med høy kvalitet. Alle tre dimensjoner ved bærekraftsbegrepet skal tillegges vekt; økonomisk, sosialt, miljømessig. Les meir [her...](#)*

Fylkeskommunen har dei siste åra jobba tett med Voss kommune med mellom anna ny sentrumsplan for Vossevangen og KPA for Voss herad som begge er i prosess. Her har nyleg 2 nye vidaregåande skuler opna, og fylkeskommunen har støtta etableringa av ny gondolbane ved stasjonsområdet

Juryen har særskilt trekt fram knutepunktutviklinga og gondolbanen som viktig i bedøminga, samt verdien av å legge E16 utanom sentrum;

*Vossevangen har gjennom dei siste åra gjennomgått ei stor forandring. Bybildet vert endra både som følge av enkeltstående prosjekt i offentleg og privat regi, og med ny sentrumsplan (under arbeid) som legg dei strategiske, langsiktige føringane for Vangen. Det har vore ei klår satsing på sentrum frå regionalt og kommunalt hold; samtidig som dei store infrastrukturprosjekta som ny gondol/kontorbygg/hotell ved kollektivknutepunkt, ny vidaregåande skule, nytt kommunalt bibliotek- og kulturhus samt nytt badeanlegg har blitt etablert, har det både på privat og offentleg initiativ blitt rusta opp viktige byrom. Voss gymnas har blitt totalrenovert og supplert med idrettshall, samstundes som ærverdige Voss landsgymnas frå starten på 1900- talet er bevart. Nye bustader er bygd i sentrum og nyskapande næringsverksemd med base i (ekstrem)sport- og naturturisme har blitt etablert.*

Bergen by er også med i finalerunden for prisen, og her er særskilt Bybanen og tilhørende knutepunktsfortetting, samt byromsfornyning, etablering av ein Byarkitekt-etat og ny arkitekturstrategi nemnd.

Utanom dei to byane er Moss også finalist, så det er gode sjansar for at prisen vil tilfalla ein av byane i Hordaland. Juryen vil vitje Vossevangen 9.mai i år, og i juni vert vinnaren kåra.

Les heile pressemeldinga frå regjeringen.no [her....](#)

Vedlegg:

Nominasjonsteksten til Attraktiv by-prisen 2019